


LexicoNordica

Forfatter:	Marit Hovdenak [Sproget.dk – alt om dansk?]	
Anmeldt værk:	sproget.dk, Dansk Sprognævn og Det Danske Sprogog Litteraturselskab 2007–	
Kilde:	LexicoNordica 23, 2016, s. 223-233	
URL:	https://tidsskrift.dk/index.php/lexn/issue/archive	

© 2016 LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Sproget.dk – alt om dansk?

Marit Hovdenak

Språkportalen sproget.dk, Dansk Sprognævn og Det Danske Sprog- og Litteraturselskab 2007–. Testa februar–april 2016.

1. Innleiing

Nettstaden sproget.dk kom på Internett i 2007 og fyller dermed ti år i 2017. Logoen til sproget.dk har underteksta «Indgangen til det danske sprog» – med *indgang* i bestemt form. Ved lanseringa vart nettstaden kalla ein *språkportal*, og det høver godt. Det er to institusjonar under Kulturministeriet som samarbeider om språkportalen, Dansk Sprognævn (DSN) og Det Danske Sprog- og Litteraturselskab (DSL). Portalen vart til som eit tydeleg språkpolitisk tiltak etter at rapporten *Sprog på spil – et udspil til en dansk sprogpolitik* (Lund et al. 2003) kom. Som oppfølging av rapporten vart det sett av midlar til ein ekstraordinær innsats for det danske språket, og eit av resultatata var sproget.dk. Her er ein kort omtale av portalen:

Formålet med sproget.dk er at give professionel sproglig hjælp ved at give adgang til svar på sproglige spørgsmål. Desuden giver sproget.dk adgang til officielle og autoritative ordbøger og opslagsværker og tilbyder oplysning og rådgivning til den nysgerrige og interesserede sprogbruger. (Årsberetning 2014:17)

Denne artikkelen ser på innhaldet i sproget.dk og korleis det blir presentert. Etter ei kort vurdering av søkjegrensesnittet er omta-

len fordelt på leksikografiske vurderingar og vurdering av rådgje-
vings- og kunnskapsinnhaldet. Framstillinga byggjer på at eg har
bakgrunn i arbeid med ordbøker og elles har arbeidd i mange år
i sekretariatet i Norsk språkråd (som frå 2005 heiter Språkrådet).

2. Grensesnittet


Det visuelle førsteinntrykket av sproget.dk er ei fast, enkel ram-
me med mange stabile element. Mot ein bakgrunn i kvitt og duse
farger dominerer ei brei, djupraud stripe tvers over heile skjerm-
biletet, og inni det raude står søkjefeltet tydeleg fram som kon-
trast. Oppe til høgre står logoen i same raudfarge. Andre element
er òg i raudt: ein del av overskriftene og dessutan nokre gjennom-
gangsfigurar som vi ser nedst på skjermen, brukte som kjenne-
merke på hovudmenypunkta *Råd og regler*, *Temaer*, *Leg og lær* og
dessutan på *Links*. Desse menypunkta, bortsett frå *Links*, står òg
øvt på sida, saman med *Nyheder*. Punkta *Råd og regler*, *Temaer*



Figur 1: Øvre del av framsida (september 2016).

og *Leg og lær* er omtalte i del 4 nedanfor, *Links* i del 5. Det store midtpartiet i skjermbiletet består av faste boksar eller tekstblokker med innhald som blir oppdatert ofte eller sjeldnare, til dømes dei siste nyheitssakene og *Ugens ord*.

Midtpartiet inneheld overskrifter som oppfordrar til aktivitet: «Lær grammatik med Thomas Skov» og «Send nye ord til os!», med lenkjer til vidare lesing.



Figur 2: Nedste del av framsida.

At sproget.dk syner seg som eit ganske fast og stabilt skjermbilete, gjer det lett å kjenne att og finne fram i når ein er noko vand med det. Portalen har likevel òg mindre heldige eigenskapar. Ved bruk på standard dataskjermer (som 19 tommar) fyller skjermbiletet det meste av skjermen. Med ein breiare skjerm vidar ikkje grense-snittet seg ut, og det blir då mykje tomrom på sidene. Bruker ein smarttelefon eller nettbrett, får ein fram heile skjermbiletet, men no forminska, meir eller mindre kraftig. Ein må då sjølv forstørre tekst for å få bokstavane i leseleg storleik. Sproget.dk har altså førebels ikkje responsiv design. At portalen høver mindre godt for mobiltelefonar og andre små skjermer, er venteleg noko redaksjonen kjem til å endre på. I Dansk Sprognævns årsmelding for 2014 er det omtalt arbeid med forbetringar av sida (Årsberetning 2014:17). Eit av punkta det skal fokuserast på, er «at sproget.dk skal kunne tilpasse sig mobile enheder. I 2014 har ca. 30 % af de besøgende benyttet mobiltelefon eller tablet».

3. Leksikografisk vurdering: søking og treff i ordbøker

Søkjefeltet i den raude stripa er framheva som den mest sentrale delen av portalen. Den som kikkar innom, blir oppfordra til å søkje på «alt der vedrører det danske sprog», og i ingressen er det gjeve eksempel på kva ein kan få ut av søkinga. Hjelp- og informasjonssidene som står med lita skrift under, mellom anna «Se hvad du søger i», er gjennomgåande klare og oversiktlege og truleg nyttige for dei som opnar desse sidene, men det er kanskje eit fåtal. På andre sider enn framsida blir den raude ramma rundt søkjefeltet til ei smalare stripe, men feltet er alltid med, høgt oppe på skjermen (figur 3).



Figur 3: Søkjefeltet på andre sider enn framsida.

Resultatlista etter søk er ordna med først treff i ordbøker, i fast rekkjefølgje, deretter med treff i dei faste meny punkt. Øvst er alltid *Retskrivningsordbogen* (RO), deretter kjem *Den Danske Ordbog* (DDO). *Ordbog over det danske Sprog* (ODS) er ofte med. I ein smal venstre kolonne er ei resultatoversikt. Øvste del av resultatlista for søkjeordet *nasse* er vist i figur 4 nedanfor.

At sproget.dk tilbyr samtidig søk i dei tre nemnde autoritative ordbøkene, ser eg som det aller største pluset med språkportalen. Det er òg alltid opplyst om ei form ikkje er offisiell rettskriving. DDO nemner stundom uoffisielle former, mens det er klart markert at ODS er ei historisk ordbok og dermed ikkje alltid følgjer moderne rettskriving.

The screenshot shows a search results page on the DDO website. On the left is a navigation menu with categories like 'Hjelp', 'Om DDO', and 'Kontakt'. The main content area is titled 'Søkeresultat' (Search results) and shows the search term 'nasse'. Below the search bar, there are three search results listed:

- Retningsregning**: A result from 'Retningsregning'.
- Den Danske Ordlog**: A result from 'Den Danske Ordlog'.
- Dansk-Svensk ordlog**: A result from 'Dansk-Svensk ordlog'.

Figur 4: Resultatliste ved søk på *nasse*.

Ein stor fordel er òg funksjonen «mente du» med andre søkje-forslag, ei god hjelp for å finne det ein er ute etter. Det same er trunkerte søk. I standardsøk, som her er fritekstsøk, får ein resultat også med bøyge former av søkjeordet. Det vil seie ein får treff i DDO, men ikkje i RO, om ein søkjer på ei bøyingsform, til dømes *læreboøer*, *norske*, *smid*. På dette punktet ser DDO ut til å vere betre utbygd enn RO.

Klikkar ein på oppslagsordet i RO i resultatlista, kjem ein til nettsidene til DSN og ofte identisk ordartikkel, eventuelt med ei alfabetisk liste med samansetningar og avleiingar til ordet. Resultatet frå DDO er ein forkorta versjon og har med sentrale utdrag – ordklasse og tydingar – av den fulle ordartikkelen på ordnet.dk, som ein kan klikke seg vidare til. Der står bøyging, uttale osv. Ut-talen er med lydskrift og i mange tilfelle i form av ei lydfil. Nytt er at også ein del uregelrette bøyingsformer har fått eigen uttale, til dømes fleirtalsforma *rødder* (av *rod*).

I tillegg til treff i ordbøker får ein ofte treff i *Råd og regler* eller eit anna meny punkt. Søk på eit vanleg ord som *pige* fører til ei lang rekkje med artiklar. Søk på ordet *piké* gjev eit treff som forklarar bruken av aksentteikn. Det er litt uventa, men ei nyttig opplysning. Klikkar ein så for å lese artikkelen om aksentteikn, får ein nedst på sida fleire tips under overskrifta «Disse artikler kunne måske også have interesse». Ein kan såleis risikere å lese ting ein slett ikkje hadde førestilt seg.

Nytt ordstoff kjem ofte inn på same tid i fleire språk. Det er mange som er interesserte i å få forklaring på tyding og bruk av nye ord, og skandinaviske lesarar kan gjere seg god nytte av dei aktuelle ordbøkene i sproget.dk, ikkje minst DDO. Ei kunngjering frå april 2016 fortel at det nyleg er lagt til over 1000 nye ord i DDO, og at ordboka blir utvida med 10 000 ord, uttrykk og tydingar over dei neste to åra (DSL 2016). Av det siste nye er uttrykket *knibe seg i armen* og samansetningane *auberginefarvet* og *amme-bh*. Dei kan dermed søkjast opp i sproget.dk.

Ettersom søk i dei tre vanlegaste ordbøkene kan vere svært nyttig, kunne eg faktisk ha ønskt meg ein tilbakeknapp frå kvar av desse ordbøkene direkte til sproget.dk, men det er kanskje vanskeleg å få til.

4. Rådgjevings- og kunnskapsstoff

4.1. Råd og regler

Under hovudmenypunktet *Råd og regler* får brukaren hjelp til «løsning af sproglige problemer». Her byggjer språkportalen på den lange erfaringa DSN har med språkleg rådgjeving og kva som er vanskeleg i dansk rettskriving og grammatikk. Strukturen under «Typiske problemer» i menyen viser fleire inngangar til råda og reglane, som er viktig fordi det ikkje alltid er lett å formulere

spørsmål når ein har eit problem. Mykje av stoffet er henta frå rettskrivingsreglane i papirutgåva av RO. Sproget.dk har dermed gjort også dette materialet mykje lettare tilgjengeleg. Ordna på ein annan måte er «Dansk Sprognævns huskesedler», også å få som app.

Mange av emna under *Råd og regler* kjenner vi att i norsk frå språkspørsmål til Språkrådet, som skrivemåte med eitt eller fleire ord, stor eller liten forbokstav, komma og andre teikn, ordklassar og setningar. «Hans, hendes og sin» kan vere vanskeleg i dansk som i norsk, sjølv om dei to språka ikkje har like grammatiske reglar på dette punktet. Valet mellom «nogen eller nogle» kjenner vi att frå nynorsk (*nokon* eller *nokre*). «R-problemer» er derimot ikkje noko tema i norsk. I dansk må det presiserast mellom anna at presensformer som *kører* skal skrivast med *-r*, fordi det ofte er tvil om skrivemåten i ord på *-re* og *-rer* på grunn av samanfall i uttalen. Svara er gjennomgåande klåre og godt formulerte. Det er knytt øvingar til mange av punkta, så ein kan teste om ein kan dei.

Under overskrifta «Artikler mv.» skjuler det seg stoff frå ulike kjelder. Her finn ein språkspalter i aviser og svar på språkspørsmål skrivne av medarbeidarar både frå DSN og DSL, men òg liknande materiale frå Danmarks Radio (1985–1995). Det er lenkje til *Nyt fra Sprognævnet*, som ligg komplett tilgjengeleg frå 1985 på dsn.dk. På sproget.dk har vi òg tidsskriftet *Mål og Mæle* med register for 1974–2009 og alle nummer tilgjengelege til og med 2007, men ikkje nyare. Det er flott å ha alt dette materialet digitalt og i velordna form.

Eit siste meny punkt er «Det siger loven», med lenkjer til sentrale lover som *Retskrivningsloven* og *Lov om Dansk Sprognævn*. I tilknytning til dette emnet har eg prøvd å finne referanse på sproget.dk til opplysningar på mellom anna Wikipedia om at tysk har status som offisielt språk i Sønderjylland. Det ville vere fint å kunne lese om det her, sjølv om det ikkje gjeld dansk språk, men like fullt språk i Danmark. Det er derimot 19.5.2015 ei nyheitsmelding om at dansk er blitt offisielt språk i Slesvig.

4.2. Temaer

I *Temaer*, òg omtalt som *Sprogtemaer*, går ein «i dybden med sproglige emner». Innhaldet er i stor grad ordkunnskap, som nye ord, slang, banning o.a. Tema som går ut over ordplanet, er ordtak (ordspråk), faste vendingar, dialektar og ordfrekvens. Ordkunnskapen gjeld først og fremst allmennspråket, der faguttrykk og dialektord ikkje er eit særskilt tema. Tekstene i denne avdelinga skal vere nyskrivne for sproget.dk. Dei supplerer *Råd og regler* og gjev samanheng i og bakgrunn for anna kunnskapsstoff.

«Tegnsprog» er ikkje oppført som eit hovudtema, men søk på dette ordet viser til ein del stoff under «Hvad er sprog» og til mange nyheitsoppslag. Dansk teiknspråk er eit arbeidsområde som DSN begynte å bygge opp i 2015, og det vil venteleg med tida vise meir att også i sproget.dk.

Etymologi, «ordenes oprindelse», var framheva som «månedens tema» på sproget.dk i februar–mars 2016. Det viser seg å vere ein heil artikkelserie, skriven av ein ekstern forfattar. Etter mi oppfatning er denne serien verdifullt stoff. Emnet blir behandla breitt og grundig, som er ein fordel når det gjeld ei så spesialisert vitskapsgrein som etymologi. Denne framstillinga kan gje betre forståing enn meir enkeltstående ordhistorier.

4.3. Leg og lær – «viden på en underholdende måde»

Under overskrifta «Leg og lær» kan ein teste seg sjølv i mange av emna som er omtalte under andre punkt, i ein lang meny av interaktive øvingar og kvissar. Å kjenne norske og svenske ord er eitt emne.

Spalta «Smid en smutter» har ein fast plass på framsida. Innhaldet her er feil bruk av ord og uttrykk, ofte med komisk effekt. Redaksjonen ber om å få tilsendt døme på slik feilbruk. Overskrifta vil mange nordmenn trenge forklaring på, for begge innhaldsorda

er ukjende i norsk. Søk på «smid» gjev tilslag på verbet *smide* i DDO. Har ein oppfatta at ordet er ein imperativ, søker ein gjerne på infinitiven *smide* og får tilslag både i RO og DDO. *Smutter* er greitt forklart i begge ordbøkene. Innhaldet i spalta er lett og populært stoff, i ein portal som elles er grunnseriøs. Det kan vere ein risiko her – er det nokon som trur at dei siterte uttrykka er god språkbruk?

Eit nytt innslag på sproget.dk frå 2013 er serien *Grammatik for dummies*. Serien består av seks videonuttar kvar på ca. ti minutt, om grammatikk – ordklassar, setningsledd, ordforråd og uttale. Opplegget er at ein student stiller spørsmål til ein lærar/professor, og ho svarer og forklarar. Forma er ei blanding av samtale og førelasing, og det fungerer godt etter mi meining. Mykje av innhaldet finst truleg på andre sider i sproget.dk, men denne talte dialogen med spørsmål og svar er ei fin avveksling og eit godt supplement til å lese tekster om emna. Det er eit pluss i seg sjølv å få høyre danske samtalar, på eit dansk som er bra forståeleg for mine norske øyre. Det kunne likevel vere ein idé å leggje inn teksting som eit mogleg val. Også til *Grammatik for dummies* er det øvingar og kvissar, som forsterkar læringsutbyttet.

Tittelen *Grammatik for dummies* er tydeleg kalkert over innføringsbøker «for dummies» om ymse emne. *Dummies*, eventuelt eintalsforma *dummy*, står korkje i RO eller DDO med ei tyding som høver inn her, derimot i *Nye Ord i Dansk*, med grunnforma *dummie* eller *dummy* ‘dompap, smådum person’. Her er vel tydinga heller litt avbleikt – ‘nybegynnar’, ‘fersking’?

5. Links

I nedre høgre hjørnet av skjermen er det «links». Her er dei eksterne lenkjene sorterte etter språk og type oppslagsverk. Under dansk kan ein sakne å bli tipsa om *Ømålsordbogen*, mens derimot *Jysk*

Ordbog er med. Forklaringa er venteleg at den siste er publisert digitalt for ein del av alfabetet, mens den første enno berre finst i bokform, men også dette verket har i det minste ei nettside. Av lenkjer til norske nettsider kunne gjerne ordnett.no takast med. Det er ei betalingside, men det er fleire andre betalingsider som er med på oversikta. LEXIN er med i svensk versjon, og den norske versjonen kunne òg gjerne vere med. Lenkja til *Store norske leksikon* fungerer ikkje som ho skal.

Vidare finn ein lenkjer som gjeld mellom anna fagterminologi, stadnamn, dansk språk i EU og språkpolitikk i EU. Dette er emne som gjeld dansk språk, men dei er ikkje behandla som tema med eigne artiklar på sproget.dk.

6. Samanfattande vurdering

Sproget.dk er på fleire vis ein imponerande språkportal. Med eitt søk har ein tilgang til dei mest autoritative ordbøkene for moderne dansk og samtidig til kvalitetssikra rådgjeving om korrekt og godt språk. Grensesnittet er klårt og oversiktleg, og presentasjonen av søkjerestultata er ryddig (iallfall ved søk som ikkje gjev svært mange treff).

Svært verdifullt er det òg at portalen gjev tilgang til store mengder kunnskaps- og rådgjevingsstoff om dansk språk frå fleire tiår og frå fleire kjelder. Svarsamlinga til DSN er her digitalt tilgjengeleg.

For søk i ordbøkene er funksjonar som «mente du» og trunkeerte søk svært nyttige. Som utlending er det fint å kunne høyre dansk, både ved oppslag i DDO og dessutan i ein del videosnuttar på sproget.dk.

Det verkar opplagt at dei to institusjonane bak sproget.dk har lykkast med det dei hadde sett seg føre. Portalen har gradvis vorte bygd ut og endra gjennom åra. Brukartala er ganske høge: «I gen-

nemsnit er der 23.300 unike sidevisninger (10.778 sessioner) per dag.» (Årsberetning 2014:17). Om ein ikkje får svar på absolutt alt om dansk språk, har portalen etablert seg som ein solid språkleg infrastruktur for det danske samfunnet.

Litteratur

- DDO (2003–05) = *Den Danske Ordbog*. København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. <<http://ordnet.dk/ddo>> (mars–april 2016).
- DSL (2016) = 10.000 nye ord tilføjes til Den Danske Ordbog. <<http://sproget.dk/nyheder/10-000-nye-ord-tilfojes-til-den-danske-ordbog>> (april 2016).
- Lund, Jørn et al. (2003): *Sprog på spil – et udspil til en dansk sprog-politik*. Uddrag af kommissorium for en politik vedr. det danske sprog. København: Kulturministeriet. <http://kum.dk/uploads/tx_templavoila/Sprog%20paa%20spil.pdf> (august 2016).
- Nye Ord i Dansk – fra 1955 til i dag*. København: Dansk Sprognævn. <<https://dsn.dk/noid>> (mars–april 2016).
- ODS (1918–56) = *Ordbog over det danske Sprog*. København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab og Gyldendal. <<http://ordnet.dk/ods>> (mars–april 2016).
- RO = *Retskrivningsordbogen*. 4. udg. 2012. København: Dansk Sprognævn. <<http://dsn.dk>> (mars–april 2016).
- Årsberetning 2014 = Dansk Sprognævn: *Årsberetning 2014*. <<http://dsn.dk/om-os/organisation/aarsberetninger/arsberetning-2014/view?searchterm=%C3%A5rsberetning>> (mars–april 2016).

Marit Hovdenak
seniorrådgjevar
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
NO-0032 Oslo
marit.hovdenak@sprakradet.no